



**Til:** Finansdep.

**Frå:** Rolf-Magnus Sundgot,  
seksjonsleiar Tekniske  
Tenester

**Kopi:**

**Sak:** Eigedomsskatt - administrative saker

Saksnr / arkivkode	Løpenr.	Stad	Dato
2014/130 / 232	11919/2015	Ørsta	18.09.2015

## Høyringsnotat om forslag til endringar i Eigedomsskattelova.

### Saksopplysningar:

Fin.dep. har sett fram forslag til endringar i eigedomsskattelova. Endringane gjeld det som vert kalla produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar. Dette vert vurdert å ikkje verte skattepliktig i lovforslaget.

### Vurdering:

Ørsta er i dag ei kommune som nettopp har kome ut av Robek. Eigedomsskatten som vart innført i 2013 på verk og bruk, er i dag ein skatt på omlag kr 20 millionar som eit stort fleirtal i kommunestyret har støtta for å kome ut av Robek. Robek-tida har også ført til eit stort etterslep på sårt tiltrengde investeringar som det nyleg vedteke langtidsbudsjettet for 2016-2019 syner.

Dersom nemnde forslag til ny eigedomsskattelov blir innført, syner foreløpige tal for Ørsta kommune at dette vil medføre tap av inntekter på mellom 2 og 3 millionar kroner. 2-3 millionar kroner på drifta vil eksempelvis fort utgjere 5-6 omsorgsarbeidarar. Ørsta kommune har i dag eit veldig stramt budsjett og eit tap av slike inntekter i denne samanheng, vil fort bli kritisk i ein allreide pressa økonomi. Robek kan derfor fort bli eit aktuelt tema igjen om dette forslaget skulle bli noko av.

Ørsta kommune vil soleis sterkt fråråde at dette endringsframlegget i eigedomsskattelova vert godkjent.

Med helsing

  
Rolf-Magnus Sundgot  
Seksjonsleiar Tekniske Tenester